

Skap arena for dialog

Ungdomstida er ei brytningstid mellom å vere barn og bli vaksen. Tenåringen din vil kanskje finne nye vennskap og miljø som passar betre når kropp og sinn er i endring. Kanskje har du som forelder ikkje lenger full oversikt over omgangskretsen og elevane i klassen til tenåringen din. Nokre tenåringsforeldre gir tilbakemelding om at det var lettare å diskutere med andre foreldre når barnet var yngre. Barselgrupper var gjerne ein naturleg plass for dialog om til dømes søvn, grensesetting og kosthald. Nokre kan oppleve å stå meir åleine med spørsmål som melder seg i tenåringsfasen. Kor stor fridom skal ein gi ein 14-åring? Kor lenge skal ein få vere ute om kvelden? Kva utfordringar står tenåringen overfor? Å ha høve til å rådføre seg med andre foreldre, kan difor vere nyttig. Skap difor ein arena for uformell dialog mellom foreldre.

Forslag til aktivitet:

- Skaff deg oversikt over elevar og foreldre dersom det er etablert nye klasser.
- Bli kjend med nyeforeldre.
- Inviter til uformell foreldrekaffi etter eit foreldremøte.
- Dra på årleg blåtur til ein stad i nærmiljøet.
- Lag dialoggrupper for foreldre etter behov.
- Delta på arrangement i regi av skulen.
- Ta initiativ til temakveld for foreldre med aktuelle tema.
- Fleire forslag til aktivitet?

Vere saman



Illustrasjon av Torgrim, 1.klasse